

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
013/15	Klagenemnda	PS	08.09.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Benjamin Hicks	14/4545

Klage på gebyr - gbnr 134/471 Hilland - utomhusplan

Vedlegg:

Klage på gebyr - gbnr 134/471 Hilland - utomhusplan
Klage anvendelse gebyr
gbnr134/471 Dispensasjon nr 2 - utomhusplan - gbnr 134/471 Hilland

Rådmannen sitt framlegg: Klagenemnda tek ikkje klagen til følgje. Vi stadfestar kommunen sitt vedtak av 13.05.2015, i sak 14/4545

Klagenemnda - 013/15

KL - behandling:

Kommunal klagenemnd er klageinstans når det vert klaga over kva punkt i gebyrregulativet som er teke i bruk.

Klagenemnda kan ikkje sjå at klagar klager på punkt fastsettelsen.

Klagenemnda sender difor saka tilbake til administrasjonen for oversending til rett klageinstans.

Samrøystes vedteke.

KL - vedtak:

Kommunal klagenemnd er klageinstans når det vert klaga over kva punkt i gebyrregulativet som er teke i bruk.

Klagenemnda kan ikkje sjå at klagar klager på punkt fastsettelsen.

Klagenemnda sender difor saka tilbake til administrasjonen for oversending til rett klageinstans.

Saksopplysningar:

I vedtak av 13.05.2015 er det skildra utrekning av gebyr for innvilga søknad. Det er denne utrekninga, og bruken av gebyrregulativet som er påklaga. Klagar seier at dei er klare over at denne saka har vært tidkrevjande også for Lindås kommune, men at dei meiner at gebyrets omfang og storleik blir urimeleg.

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå.

Kommunal klagenemnd er klageinstans, jf. Pkt. 4.13 i gebyrregulativet.

Klage på gebyr:

Ved utrekning av gebyr har Lindås kommune lagt til grunn at det er søkt om dispensasjon for ni ulike tiltak som er i strid med arealføremål / plan. Ved fastsetting av gebyr har kommunen lagt til grunn at det skal utstedes gebyr for kvart tiltak det er søkt dispensasjon for. Klagar meiner at dette er feil bruk av gebyrregulativet. Klagar meiner at tiltaka må vurderast samla og under eitt, og at gebyret omfattar ein dispensasjon.

Det vises til klage datert 05.03.2015 over ilagt gebyr på kr. 76.100,- gitt den 13.05.2015, med heimel i gebyrregulativet for 2015. Gebyret er ilagt på bakgrunn at det er gitt til saman 9 dispensasjoner. Det første som på avklarast er om riktig gebyrutrekning er lagt til grunn.

I kap. 9 i gebyrregulativet står det at «gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til byggesaksgebyr». Vidare at «Dispensasjon frå fleire føresegner gitt i eller i medhald av PBL per dispensasjon.» Ein dispensasjon er i prinsippet eit regelbrot. Dispensasjon frå byggereglane inneber eit ynskje om å fråvike ein regel for eit konkret tiltak. Kommunen har handsama i alt 9 ulike tiltak som krov dispensasjonshandsaming. Det skal soleis betalast gebyr per tiltak, jf. også punkt 4.3 der det går fram at «i tiltakssaker (byggesak) vert gebyr fastsett per tiltak».

Satsane som er lagt til grunn er i tråd med gebyrregulativet. Utrekning av gebyret er i samsvar med gebyrregulativet.

4.13 Søknad om redusert gebyr

«Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn. Fastsetting av gebyret skal skje ved enkeltvedtak.» Det er ikkje sendt inn søknad om redusert gebyr.

Uttrykket «særlege grunnar» må sjåast i høve til grunngjevinga bak gebyret, som i følgje gebyrregulativet pkt. 4.1 er at «den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr». Det ligger i ordlyden «særlege grunner» at for å få redusert gebyr må dei anførte grunner utgjere noko meir enn det som normalt kan anførast i tilsvarende saker.

Det vil undergrave gebyrregulativet om man reduserer gebyret i einskilde saker, der

grunngjeving for reduksjon vil kunne gjøre seg gjeldande i mange saker. Det må også opplysast om at drifta er basert på dei utrekna gebyra, og at ein soleis ikkje utan vidare kan redusere gebyret i einskilde saker.

Vi kan ikkje sjå at kravet til «særlege grunnar» er stetta. Administrasjonen meiner at det fastsette gebyret i denne saka er vedteke med bakgrunn i gjennomsnittlege utgifter for sakstyper som denne. Vidare kan administrasjonen ikkje sjå at det ligg føre grunner som kvalifiserer til at "særlig grunn" for reduksjon ligg føre.

For øvrig vil vi opplyse at etter en gjennomgang av gebyret, så finn administrasjonen at det ikkje ligg føre faktiske feil ved det.